

Kvartalsrapport for

3. kvartal 2017



Valle Sparebank

Delårsrapport 3. kvartal 2017

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2016. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.17 er forvaltningskapitalen på 1.545,6 mill. kroner. Dette er ein auke på 138,2 mill. kroner, eller 9,8 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.09.17 på 1.343,7 mill. kroner, som er ein vekst på 104,9 mill. kroner, eller 8,5 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 69,5 mill. kroner eller 5,5 % i forhold til 01.01.17. Banken har ved utgangen av 3. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 568,7 mill. kroner, ein auke på 97,6 mill. siste 12 månadar. Total utlånsending (eigen balanse og EBK) er 11,8 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.09.17 på 1.093,7 mill. kroner, som er ein auke på 27,3 mill. kroner, eller 2,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 81,4 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstall 86,1 %. Det har vore ein nedgang i innskot på 22,9 mill. kroner eller 2 % sidan 01.01.17.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 5,3 mill. kroner, mot eit overskot på 11,6 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 4,5 mill. kroner, mot eit overskot på 9,4 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 21,6 mill. kroner, som er 0,4 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,89 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 2,05 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 7,3 mill. kroner, som er ein auke på 0,3 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 19,8 mill. kroner mot 16,6 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 14,0 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 12,5 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ein kostnad på 3,8 mill. kroner, mot ein kostnad på 1,36 mill. kroner til same tid i fjor. Tapskostnadene er høgare enn normalt, og hovudårsaka til det negative avviket er ei tapshending i lokalt næringsliv.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 171,7 mill. kroner ved utgangen av 3. kvartal 2017. Dette gir ei kapitaldekning på 21,26 % uten at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse



Utlån til personmarknaden utgjer 1186,7 mill. kr (1073,5 på same tidspunkt i fjor) eller 88,3 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 157 mill. kr 165,3 på same tidspunkt i fjor) eller 11,7 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 30.9.17 er 127. Vesentlege delar av auken i andre driftskostnader er eingongskostnader knytt til engasjementsoppfølging.



Utsikter for resten av året


Rentemarginen har minka i høve til på same tid i fjor på grunn av konkurransesituasjonen og høgare likviditetsreserve. Volumveksten kompenserer for delar av marginfallet. Likviditetssituasjonen er tryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsauken har så langt i år vore noko høgare enn budsjettert, og kundeveksten har vore god. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor ein dag i veka i Vennesla har vore så vellukka. Den årlege kundeundersøkinga synte svært positiv utvikling og styret opplever at banken framstår som ein attraktiv bank godt rusta til å møte den harde konkurransen om kundane.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.


Jostein Rysstad
(styreleiar)

Geir Olav Upstad

Valle, 31.oktober 2017

Olav K. Mosdøl
(nestleiar)

Gro Haatveit


Anne Gjerden

Vidar H. Homme
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i hele tusen

30.09.16	31.12.16	30.09.17		30.09.17	31.12.16	30.09.16
2,96 %	2,94 %	2,85 %	Renteinntekter og liknande inntekter	32.679	41.091	30.691
0,91 %	0,90 %	0,96 %	Rentekostnader og liknande kostnader	11.031	12.612	9.415
2,05 %	2,04 %	1,89 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	21.648	28.479	21.276
0,19 %	0,14 %	0,19 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.186	1.963	1.963
0,53 %	0,53 %	0,51 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	5.805	7.427	5.470
0,12 %	0,12 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	1.272	1.639	1.228
0,06 %	0,05 %	0,04 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmi	403	728	662
0,01 %	0,02 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	157	217	152
0,68 %	0,62 %	0,64 %	Sum andre driftsinntekter	7.279	8.696	7.019
1,21 %	1,35 %	1,22 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	13.978	18.825	12.511
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	344	445	326
0,36 %	0,37 %	0,48 %	Andre driftskostnader	5.486	5.119	3.771
1,60 %	1,74 %	1,73 %	Sum andre driftskostnader	19.808	24.389	16.608
1,13 %	0,91 %	0,80 %	Driftsresultat før tap	9.119	12.786	11.687
-0,13 %	-0,12 %	-0,33 %	Tap på utlån, garantier m.v.	-3.797	-1.698	-1.356
0,12 %	0,09 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmid	0	1.257	1.257
1,12 %	0,88 %	0,46 %	Resultat av ordinær drift før skatt	5.322	12.345	11.588
0,21 %	0,17 %	0,07 %	Skatt på ordinært resultat	794	2.406	2.175
0,91 %	0,71 %	0,40 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	4.528	9.939	9.413

Balanse

Eigedelar

Beløp i hele tusen

	30.09.17	31.12.16	30.09.16
Kontantar og fordringar på sentralbankar	25.226	24.507	15.463
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	5.879	32.636	16.012
Utlån til og fordringar på kundar	1.343.702	1.274.238	1.238.803
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-5.506	-2.532	-2.338
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.335.596	1.269.106	1.233.865
Overtatte eigedelar	0	4.650	4.650
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	107.325	109.919	73.554
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	48.759	45.234	44.199
Eigarinteresser i tilknytt selskap	0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle eigedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	14.793	14.716	14.786
Andre eigedelar	1.906	482	226
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	6.120	4.465	4.621
Sum eigedelar	1.545.604	1.505.715	1.407.376

Gjeld og egenkapital

Gjeld til kredittinstitusjonar	161.768	160.488	135.233
Innskot frå og gjeld til kundar	1.093.727	1.116.581	1.066.473
Gjeld stifta ved utferdning av verdipapir	74.900	25.000	0
Anna gjeld	7.641	5.628	3.366
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	8.760	2.715	8.148
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	392	392	111
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.347.188	1.310.804	1.213.331

Opptent egenkapital	193.888	194.911	184.632
Udisponert overskot	4.528		9.413
Sum egenkapital	198.416	194.911	194.045
Sum gjeld og egenkapital	1.545.604	1.505.715	1.407.376

Vilkårsette skyldnader	60.877	72.080	66.722
Skyldnader	58.330	31.632	31.705

Tap på utlån

	30.09.17	31.12.16	30.09.16
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	13.712	6.746	9.180
Netto misleghaldne lån:	13.576	6.099	8.727
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	15.899	18.587	18.994
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	10.529	16.702	17.109
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskriving på individuelle utlån og garantiar	2.974	707	513
+ Periodens endring i nedskriving på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	532	325	183
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	311	727	712
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-20	-60	-52
Periodens tapskostnader	3.797	1.819	1.460

Kvartalsvis resultatutvikling

(Tal i heile tusen)

	3.kvartal 2017	2.kvartal 2017	1.kvartal 2017	4.kvartal 2016	3.kvartal 2016
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	11.222	10.969	10.488	10.400	10.270
Rentekostnader og liknande kostnader	3.756	3.722	3.553	3.197	3.016
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.466	7.247	6.935	7.203	7.254
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	55	2.119	12	0	0
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.239	1.867	1.699	1.957	1.981
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	470	377	425	411	395
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	163	112	128	66	224
Andre driftsinntekter	73	34	50	65	34
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.473	4.811	4.694	6.314	3.897
Avskrivingar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	118	119	107	119	109
Andre driftskostnader	2.075	2.019	1.392	1.348	1.037
Resultat før tap og skatt	2.860	4.053	2.206	1.099	4.055
Tap på utlån, garantiar m.v.	-555	-3.188	-54	-342	-222
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	146
Skatt på ordinært resultat	572	-350	572	231	995
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.733	1.215	1.580	526	2.984

Nøkkeltal

	30.09.17	30.06.17	31.03.17	31.12.16	30.09.16
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,89 %	1,88 %	1,87 %	2,04 %	2,05 %
Driftsinntekter	0,64 %	0,69 %	0,40 %	0,62 %	0,68 %
Driftskostnader	1,73 %	1,74 %	1,67 %	1,74 %	1,60 %
Resultat for rekneskapsåret	0,40 %	0,37 %	0,43 %	0,71 %	0,91 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	3,12 %	2,91 %	3,29 %	5,10 %	6,81 %
Kostnader i % av totale inntekter	68,48 %	67,74 %	73,73 %	65,61 %	58,70 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	69,44 %	68,59 %	74,88 %	66,92 %	60,10 %
Tap i % av brutto utlån	0,28 %	0,24 %	0,00 %	0,13 %	0,11 %
Netto ansvarleg kapital	171.697	171.697	173.762	176.090	167.364
Kjernekapital	171.697	171.697	173.762	176.090	167.364
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	807.538	800.500	784.288	793.788	771.482
Kapitaldekning i %	21,26 %	21,45 %	22,16 %	22,18 %	21,69 %
12 mnd forvaltningsvekst	9,82 %	12,87 %	9,97 %	9,60 %	2,48 %
12 mnd utlånsvekst	8,47 %	10,13 %	6,88 %	6,63 %	2,55 %
12 mnd innskuddsvekst	2,56 %	4,80 %	3,48 %	4,55 %	1,74 %
Innskudd i % av utlån	81,40 %	84,23 %	84,76 %	87,63 %	86,09 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.531.407	1.519.465	1.501.321	1.398.743	1.383.769
Antall årsverk	12,6	13,0	13,0	13,0	13,8